

Status for prosjektet høst 2012.

Partnerskoleordningen trår i kraft.

Som ledd i ny partnerskolemodell blei det lagt særleg vekt på at UiB og partnerskolane ved koordinator, skulle ha eit tett samarbeid. Koordinator på skulene er ein nøkkelfaktor for å få til eit godt samarbeid mellom UiB og praksisfeltet: Utvalget ynskte difor at koordinatorene sjølv skulle kunne bidra til å påverke si eiga rolle. Eit møte vart difor halde i starten av semesteret der UiB og koordinatorane vart einige om ein arbeidsbeskrivelse for koordinatorfunksjonen.

UiB nyttar seg også av andre skuler enn dei som inngår i partnerskapet og det er viktig å ha god kontakt også med desse skulane. Koordinatorane på desse skulene blei derfor invitert til UiB i starten av semesteret. Også i dette møtet var dialog om felles mål: ein god praksis for våre lærerstudentar, sentralt.

Det vart også i år arrangert miniveilederkurs for lærarar som skulle ha studentar i praksis. Kurset vart halde veka før praksis. Kurset hadde godt oppmøte med deltakarar som var nye som rettleiarar samt andre med meir erfaring frå rettleiing. Dette førte til fruktbare diskusjonar. I tillegg til at deltakarane fekk ei innføring i rettleiing og praktisk informasjon om praksis vart det sett av tid til erfarringsutveksling og diskusjon.

I april arrangerte praksisutvalet eit samarbeidsseminar på Solstrand for partnerskulane sine koordinatorar.

Møteaktivitet i praksisutvalet 2012

Første møte i utvalet var 5. januar. På agendaen stod oppfølging av partnerskuleseminaret på Voss i desember 2011, som var eit seminar der skulane kunne komme med innspel på kva forventningar dei hadde til det komande partnerskulesamarbeidet. På Voss vart det skrive referat fra de ulike workshopene slik at praksisutvalet hadde skriftlege forventningar og forbetringsforslag som ein kunne arbeide ut i frå. Oppfølging av seminaret på Voss var eit tilbakevendande tema for møta i praksisutvalet våren 2012. Dei tre viktigaste momenta som kom opp på Voss var informasjonsflyt mellom studentane sine praksisperiodar, rekkefølge på praksis og korleis ein betre kunne organisere praksis for IL for å unngå kollisjonar mellom undervisninga på UIB og praksis i skulen.

Den venta rammeplanen har påverka arbeidet i praksisutvalet våren 2012. Eksempelvis har ein del saker ikkje blitt behandla i påvente av ny nasjonal rammeplan. Rammeplanutvalet har kome med signal om kva endringer som kjem på praksisfronten i ny rammeplan, og desse signala vart ytterlegere forsterka med utkasta som vart produserte til ein felles konferanse i Oslo i februar 2012.

Andre saker i 2012 inkluderer:

- Skriftleggjering av koordinator sine oppgaver
- Rutiner for behandling av søknader om ny praksis
- Retningsliner for korleis handtere klager på rettleiarar og påhøyrarar frå UiB
- Praksisbesøk
- Felles oppsummering av praksis (sak fra det sentrale programstyret)
- UiB sitt tilbod til partnerskular – kva kan dei ulike fakulteta tilby skulane?